



REFERAT – INSTITUTTRÅDSMØTE 25.03.21

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse	Møtedato	Referatdato
2021/3461	25.03.21	26.03.21

Referent	Innkalt av
Steinar Thunestvedt	Steinar Bøyum

Deltakere: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Kevin Cahill, Mette Hansen, Alois Pichler, Falch Rune (vara), Ståle Melve, Leon Commandeur, Asle Tellefesen, Haakon Ben Schrøder, Axel Leegaard (vara)

Forfall: Vibeke Tellmann, Natalie Timland

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Instituttleiar meldte ein mindre justering i vedtaksforslaget i sak 10.

II Orienteringssaker

- **Referat frå fakultetsstyremøte 23.03.21:** Eivind Kolflaath orienterte:
 - Mindre justering av PhD-reglementet (knytt til retten til mindre omarbeiding av avhandlinga)
 - Årsrapport HMS
 - Rekneskap for 2020: Fakultetet har no oppnådd eit lite akkumulert overskot når ein inkluderer midlar utanom grunnbevilgninga (som framleis er i minus).
 - Oppnevning av eksterne sensorar (diskusjon om dette ritualet framleis er formålstenleg)
 - Instituttråda si størrelse
 - Eksternt styremedlem: Kjersti Bale har blitt vald som eksternt styremedlem i fakultetsstyret
 - Oppnemning av nominasjonskomitear
 - Mindre justering i forskrifta for professoropprykk

- Ny instituttleder IF: Asbjørn Grønstad

Referat frå sist møte i Undervisningsutvalget: Ståle Melve orienterte om sakene som ein ikkje møter igjen i vedtakssakene i dette møtet: Studentevaluering, Initiativ om «pedagogisk seminar» for faglærarane, vidareføring av mentorordning (det var noko diskusjon i rådet om tilhøvet mellom vår eigen mentorordning og den som no er initiert frå fakultetet).

- **Undervisningsplanlegging for høsten 2021:** Brev frå fakultetet om foreløpige retningslinjer for undervisningsplanlegginga i høst.
- **Økonomiske tiltak i møte med pandemien – lønn til studenter:** HF får 2 mill. til ekstraordinære undervisningstiltak knytt til pandemi-problema. FoF kan vente i overkant av 200 000 av dette beløpet.
- **Oppgåvesamarbeid med næringslivet (skriv frå SA):** Informasjon om nytt prosjekt som inngår i satsinga på større arbeidslivsrelevans i utdanningane.
- **Invitasjon til å søke PhD-stillingar fra Pandemi-senteret:** Det nyoppretta Pandemi-senteret inviterer til prosjektskisser for to stipendiatstillinger (søknadsfrist 31.03.21).

III Vedtakssaker

2021-07 Justert forslag til mandat for emneansvarlige

Revidert forslag til mandat for emneansvarlige har blitt utarbeidd av Undervisningsutvalget, ein revisjon som også ivaretar innvendingar reist av rådet til den første versjonen.

Alois Pichler innvendte at oppgåvefordelinga mellom emneansvarleg og den som underviser kunne vere noko problematisk.

Vedtak:

Revidert mandat for emneansvarlege vedtas og trer i kraft umiddelbart.

2021-08 PhD-utdanningsmelding for 2020

Utkast til PhD-utdanningsmelding blei lagt fram. Det var noko diskusjon om detaljar i meldinga, bl. a. om omgrepet «karriereplan» var ein velegna term for våre kandidatar.

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til PhD-utdanningsmelding for 2020. Instituttleder får fullmakt til å gjere mindre justeringar i ordlyd mv. basert på diskusjonen i rådet.

2021-09 Studiekvalitetsmelding for 2020

Hovudelement i studiekvalitetsmelding for 2020 ble presentert. Det blir meldt om uvanleg sterk auke i studiepoengproduksjonen.

Det var noko diskusjon om forklaringa på den ekstraordinært sterke auken i avlagte studiepoeng.

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til forslag til Studiekvalitetsmelding for 2020.

2021-10 Undervisningsplan for høsten 2021

Instituttleiar presenterte undervisningsplan for komande høstsemester (inkl. førstesemesteremner) samt tentativ plan for fagstudieundervisninga våren 2022.

Det var noko diskusjon om i kva grad høstens undervisningsplanlegging bør basere seg på ein «normaltilstand» eller om ein allereie no skal planlegge med digital undervisning i større eller mindre grad.

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til undervisningsplan for høstsemesteret 2021 og foreløpig plan for undervisninga i vårsemesteret 2022.